

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 29/2025

2025/EØS/30/29

av 7. februar 2025

**om endring av vedlegg XI til EØS-avtala (Elektronisk kommunikasjon,
audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstenester)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2024/340 av 22. januar 2024 om harmoniserte vilkår for bruk av radiospektrum for mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy i Unionen, og om oppheving av avgjerd 2010/166/EU⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Gjennomføringsavgjerd (EU) 2024/340 opphevar kommisjonsavgjerd 2010/166/EU⁽²⁾, som er teken inn i EØS-avtala og følgeleg skal opphevast i EØS-avtala.
- 3) Vedlegg XI til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Teksta i nr. 5czg (kommisjonsavgjerd 2010/166/EU) skal lyde:

”**32024 D 0340:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2024/340 av 22. januar 2024 om harmoniserte vilkår for bruk av radiospektrum for mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy i Unionen, og om oppheving av avgjerd 2010/166/EU (EUT L, 2024/340, 24.1.2024).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2024/340 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 8. februar 2025, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 7. februar 2025.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann

⁽¹⁾ TEU L, 2024/340, 24.1.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/dec_impl/2024/340/oj.

⁽²⁾ TEU L 72 av 20.3.2010, s. 38.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.